



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 23.03.2026
Tid: Kl. 18:00 – 20:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Espen Ognøy Våge (teams)

Live Øvrebø

Magne Røsdal Lund

Nora Skjelde Prestbø

Sanne Øvrebø (teams)

Tobias Hatlem

Truls Foss (teams)

Andre som møtte

Lena Lønning Dybdal

Stilling

miljøterapeut

Merknader til innkallinga: Eit vedlegg kom ikkje med i innkallinga.

Merknader til sakslista: Ingen merknadar.

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Truls Foss og Espen Ognøy Våge

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
010/26	Godkjenning av innkalling
011/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
012/26	Samlesak for orienteringsaker
012/26.1	Orientering om nye forskrifter i barnehage og SFO
013/26	Samlesak for høyringar
013/26.1	Oppgradering av leikeplass/uteområde rundt Bokn skule
013/26.2	Høyring - handlingsplan for psykisk helse - behov og korleis tilbod kan bli gitt
014/26	Eventuelt og spørsmål

010/26 Godkjenning av innkalling

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Det er framleis eit par av medlemma som har vansker med å kome inn på politikerportalen på grunn av manglande opplæring. Koordinator tek dette med seg vidare.

Vedlegget til høyringssak om psykisk helse har ikkje kome med i innkallinga.

UNG - 010/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

011/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Truls Foss og Espen Ognøy Våge meld seg til å signere møteprotokoll.

UNG - 011/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjent utan merknadar. Truls Foss og Espen Ognøy Våge blir vald til å signere protokoll etter møte.

012/26 Samlesak for orienteringsaker

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 012/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

012/26.1 Orientering om nye forskrifter i barnehage og SFO

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet har i forkant lest gjennom vedtaka om nye forskrifter i barnehage og SFO. Me tek ei felles gjennomgang av vedtaka, der det er opning for å kome med kommentarar. Ungdomsrådet kommenterer at dei synast vedtaka er gode, og det er tydeleg kva for fordelar ein får gjennom å endre på forskrifta etter korleis situasjonen er no. Dei synes det er positivt at det er eit samarbeid mellom skule og barnehage for å sikre at det er eit litt meir sosialt miljø for dei barna som brukar tilbodet. Det er ein ulempe for foreldre den veka det er stengd i barnehagen, men gode argumenter for kvifor ein likevel vurderer det som eit betre alternativ.

UNG - 012/26.1 Vedtak

Ungdomsrådet blir orientert om nye forskrifter i barnehage og SFO.

013/26 Samlesak for høyringar

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 013/26 Vedtak

013/26.1 Oppgradering av leikeplass/uteområde rundt Bokn skule

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet gis anledning til å kome med innspel / forslag til oppgradering av uteområdet på Bokn skule. Dei kjem med innspel om fleire benkar ute, særleg på ungdomstrinnet. Utover det har dei ikkje konkrete forslag, men undertegnede kjem med forslag om å bringe dette vidare inn til elevrådet. Det er ungdomsrådet einig i, ettersom det er elevane som går der no som veit meir om kva dei saknar i skulegården.

UNG - 013/26.1 Vedtak

Ungdomsrådet kjem med forslag til kommunen angående oppgradering av uteområde på Bokn skule.

013/26.2 Høyring - handlingsplan for psykisk helse - behov og korleis tilbod kan bli gitt

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet har ikkje kunne lese seg opp på vedlagt dokument i forkant då det ikkje kom med i innkallinga. Dette skal undertegnede sørge for at ikkje skjer til neste møte. Me tek derfor ei felles gjennomgang av dokumentet i møte, slik at ungdomsrådet blir godt orientert om kva for tilbod kommunen har per i dag då det kjem til psykisk helse. Me ser på kva for tilbod som finns innad i kommunen, kva for tilbod me må bruke utanfor kommunen, korleis dei ulike instansane samarbeider og korleis møtevirkosomheiten er i dag.

Ungdomsrådet synes det er positivt å få innsikt i dette, og korleis kommunen jobbar inn mot psykisk helse. Me pratar i møte om det som skjer i distriktet med tanke på psykisk helse, og ei aukande grad av sjølmord blant unge, særleg gutar / menn. Ungdomsrådet trur at ein faktor i dette handlar om utanforskap, og det å ikkje finne sin plass. Dei meiner det er viktig å få meir kunnskap om psykisk helse, og vete heilt konkret kor dei kan få hjelp. Dei kjem med forslag om å gjere helsesjukepleiar meir synleg i kvardagen, og at helsesjukepleiar for eksempel lærar dei meir om psykisk helse. Det er ikkje alltid nok at det heng ein lapp på døra. Det er viktig å vere synleg, og bli kjent med elevane / ungdommane.

UNG - 013/26.2 Vedtak

Ungdomsrådet blir orientert om kommunen sitt arbeid inn mot psykisk helse. Ungdomsrådet kjem med innspel til kommunen sitt arbeid.

014/26 Eventuelt og spørsmål

23.03.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Undertegnede spør om medlemma kan endre neste møte fra 20. april til 13. april på grunn av sak om E39 som må behandlast mellom formannskapet og kommunestyre. Det kunne alle. I den forbindelse får ungdommane utdelt eit skjema dei tek med seg heim for å vurdere om dei er inhabile i saka. Undertegnede går gjennom skjemaet, og kva det innebærer å vere inhabil. Ungdommane spør om det blir skreive ned i etterkant av neste møte kven som meiner kva. Undertegnede vil drøfte dette i forkant med kommunedirektør, men seier at i utgangspunktet tek kommunen hensyn til at ungdomsrådet kun skal kome med innspel i saka, og dermed ikkje navngje nokon, men eventuelt skrive ned kva for antall som meiner kva.

Dei medlemma i ungdomsrådet som er heime 16. og 17. mai stiller på dugnad og kamp. Ungdomsrådet ynskjer å spille volleyball.

Det er 4 nye medlem i ungdomsrådet som ikkje har fått utdelt ipad. Dei ynskjer dette, samt meir opplæring, særleg inne på politikaportalten.

Sak om redusert busspriser. Ungdomsrådet ber undertegnede høyre med elevrådet kor mange som eventuelt har behov for redusert busspriser, kor mange brukar buss per i dag? Kartlegge litt før ungdomsrådet eventuelt lagar ein vidare sak om dette.

- Det kjem spørsmål om det må vere kjønnsfordelt kven som er leiar og nestleiar i ungdomsrådet. Undertegnede seier at ifølge retningslinjene står det ingen føringar for det, berre at ungdomsrådet skal ta hensyn til kjønnsbalanse når dei skal konstituere seg.
- Sommerjobb for ungdom. Undertegnede forklarar opplegget som er tiltenkt når det gjeld sommarjobb tilbud for ungdom. Det er ein tanke at ungdommane som søker jobb kan vele mellom to ulike jobbar: å vere med teknisk på ulike oppdrag som tidlegare, eller ha ei aktivitetsveke for borna i kommunen. Undertegnede vil vere med i organiseringa og planleggina av dette. Ungdomsrådet er positiv til opplegget slik det er tiltenkt no, og det er fleire i rådet som seier at dei kunne tenkje seg å vore med på dette. Dei tenkjer også at det er lurt med varierte dagar med ulike opplegg, og ynskjer å vere med i planlegging for å seie noko om kva dei kunne tenkje seg å vore med på denne veka.

UNG - 014/26 Vedtak

Ungdomsrådet endrar på neste møte, fra 20. april til 13. april.